



DEN NORSKE KYRKJA  
Radøy sokn

**Møteprotokoll for  
Radøy sokneråd**

---

**Tid: 02.12.2015 kl. 18:00 - 20:00**

**Stad: KYRKJEKONTORET, MØTEROMMET**

**Frammøte:**

Gunnar Olav Kartveit	Leiar
Grethe Lunde	Nestleiar
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Tore Morland	Medlem
Kristen Kvalheim	Medlem
Per Bjørkhaug	Medlem
Kirsten Johanna Skage Mellingen	Medlem
Kjell Johan Sekkingstad	Biskopen sin representant
Audun Sylta	Sekretær

---

**Saker som vart behandla på møtet:**

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
2015/28		(S) Plan for trusopplæring	331.0
2015/29		(S) Offermål	317.0
2015/30		(S) Oppnemning av Kirkens Nödhjelpkontakt	012.0
2015/31		(S) Kyrkelydsbladet Radar - drøfting av vidare drift	308.0
2015/32		(S) Misjonsgudsteneste 17.januar.	311.0
2015/33		(S) Møteplan for soknerådet 2016	012.1
2015/34		(S) Kyrkja på Radøy og flyktningane.	390.0

KYRKJEKONTORET, 04.12.2015

**Underskriftar:**

Vi stadfestar med våre underskriftar at møteboka, som vi har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

## 2015/28 (S) Plan for trusopplæring

### UTREDNING

Eit hovudmål i trusopplæringsreforma er meir trusopplæring til barn. Kvart årskull skal ha eit møte med kyrkja minst ein gong for året.

Trusopplæringsplanen er ferdigstilt og vil sansynligvis bli godkjent i slutten av desember. Dermed er trusopplæringsnemda også blitt ferdig med si oppgåve. Vi har komt inn i ein ny fase der planen skal gjennomførast, evaluerast og gjerast betre på vegen.

I 2015 gjennomførte vi blant anna dåpskule på Manger og Sæbø, vi hadde utdeling av 4-årsbok med samling i forkant, søndagskule på Manger, Tårnagenthelg i Hordabøkyrkja, Utdeling av det Nye Testeament, Lys Vaken i Sæbøkyrkja, Hausstakkefest, Pilegrimsvandring og leiarstrening for dei som konfirmerte seg tildegar i år.

Trusopplæringsmedareideren (Wilco Vogelaar) ser behovet for eit trusopplæringsutvalg. Utvalget bør ha som oppgåve å hjelpe til i trusopplæringsarbeidet og evaluere / forebedre planen underveis.

Vi ser for oss at det kan vere høvelig å samle utvalget 3 gongar for året for å førebu aktivitetane gjennom året.

Soknerådet må vurdere om dei ønsker å opprette eit utval og eventuelt velge personar som skal vera med i utvalet.

### MØTEBEHANDLING

Sølvi Helen Mjøs, Tore Morland og Silje Kristin Ellingsen ynskte å vera med i utvalet. Trusopplæringsmedarbeidar Wilco Vogelaar vil vera sekretær for utvalet og kalla inn til møte.

### VEDTAK

Sølvi Helen Mjøs, Tore Morland og Silje Kristin Ellingsen vart valgt til trusopplæringsutvalet.

## 2015/29 (S) Offermål

### UTREDNING

Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og forvaltar dei midlane som blir samla inn til kyrkjeleg verksemد både innafor og utafor soknet.

Offer /innsamla midlar til verksemد utanfor soknet vert som regel sendt til landsdekkande kristelege organisasjonar og til diakonale og humanitære føremål.

Offer til veksemd innanfor soknet kan:

- nyttast til å dekkje utgifter knytte til verksemد soknerådet har ansvar for, innhaldsmessig og økonomisk,
- overførast til kyrkjeleg fellesråd
- overførast til verksemد i soknet organisert utanfor ansvarsområdet til soknerådet

Kvart år kjem mange søknader frå lag og organisasjonar om å få tildelt offer. Mange sender gode søknader med dokumentasjon på kva dei jobbar med og for. For å sikre at alle vert rettferdig vurdert har soknerådet tidlegare valgt eit gruppe på 3 personar som skal laga ei innstilling etter å ha vurdert dei innkomne søknadane.

På møte 2.november 2015 valde soknerådet Silje Kristin Ellingsen, Tore Morland og Marianne Støylen Skauge som offerkomité.

Offerkomitéen har no kome med framlegg om offermål for 2016.

### MØTEBEHANDLING

Offerkomiteen ved Silje Kristin Ellingsen og Tore Morland orienterte om arbeidet med å velge mottakar for offer og la fram forslag til offermål for 2016. Etter ei drøfting kom det framlegg til tre endringar:

- Hordabø kyrkje søndag 7.februar endra fra: Refugee Alliance til: Kirkens bymisjon
- Hordabøkyrkje søndag 6.mars endra fra: Join Good forces til: KIA
- Manger kyrkje søndag 18.september endra fra: Care til: Fjøn fjellkyrkje

Ut over dette vart offerkomiteen sitt framlegg tatt til følge.

# Radøy sokneråd

## VEDTAK

Offerkomiteen sitt framlegg til offermål for 2016 var vedtatt med tre endringar:

- Hordabø kyrkje søndag 7.februar fra: Refugee Alliance til: Kirkens bymisjon
- Hordabø kyrkje søndag 6.mars fra: Join Good forces til: KIA
- Manger kyrkje søndag 18.september fra: Care til: Fjon fjellkyrkje

Ut over dette vart offerkomiteen sitt framlegg tatt til følge.

---

## 2015/30 (S) Oppnemning av Kirkens Nødhjelpkontakt

### UTREDNING

Den norske kyrkja er Kirkens Nødhjelp (KN) sin største oppdragsgjevevar. Rolla som oppdragsgjevar vert utført på vegne av sokna, og sokna er KN si lokale foranking.

Som ein del av soknet sitt oppdragsansvar for KN, skal soknerådet oppnemne ein KN-kontakt som bindeledd mellom soknet og KN. Denne kontaktpersonen treng ikkje vere medlem av soknerådet, men kan vere ein frivillig eller tilsett. Det er viktig for å sikre ei god og kontinuerleg kontakt mellom KN og sokna at det vert oppnevnt ein eigen KN-kontakt.

I 2011 oppnevnte soknerådet Per Bjørkhaug som sin KN-kontakt.  
Det nye soknerådet bør no vurdere om dei skal oppnevne ein ny person.

### INNSTILLING

Radøy sokn ynskjer å velje eigen kontaktperson til Kirkens nødhjelp.

## VEDTAK

Soknerådet valgte Per Bjørkhaug som sin KN-kontakt.

## **2015/31 (S) Kyrkelydsbladet Radar - drøfting av vidare drift**

### **UTREDNING**

Kyrkjebladet Radar er no i sitt 30.år. Bladet er finansiert av gåver (bladpengar) og annonseinntekter frå dei faste annonsørane våre. Soknerådet vedtok i 2010 å auke annonseprisen frå kr 1000 til kr 1800 pr.år. Prisen har vore uendra etter dette.

Bladet er i utgangspunktet gratis for mottakarane men vi har føreslått bladpengar på kr. 150 per år . Av dei som betalar er det ein del som betalar meir. Bladet har gått i balanse dersom ein ser bort frå den tida som dei tilsette nyttar til å skrive og utforma det. Ut frå tilbakemeldingar bør vi vera varsam med å auka annonseprisen for å ikkje mista annonsørar.

Det kjem mange gode tilbakemeldingar på bladet og soknerådet har tidlegare uttalt at det er viktig for kyrkjelyden å halda fram med Radar. Soknerådet, kyrkjelydsutvala og andre må utfordrast til å koma med innspel/innlegg til bladet.

Dei siste åra har soknerådet valgt ei redaksjonsnemd på tre personar som har hatt ansvar for innhaldet i bladet, saman med William Kay som har ansvar for det grafiske oppsettet. Dette har stort sett fungert bra, og det er ynskjeleg at det nye soknerådet velger ei ny redaksjonsmend.

---

### **MØTEBEHANDLING**

Grethe Lunde ynskte å vera med i redaksjonsnemda til Radar.

I tillegg ville rådet utfordra Arthur Kleiveland og Magne Myrtveit til å vera med i nemda.

---

### **VEDTAK**

Grethe Lunde vart valgt til redaksjonsnemda for Radar.

Arthur Kleiveland og Magne Myrtveit vert utfordra til å vera med i nemda.

---

## **2015/32 (S) Misjonsgudsteneste 17.januar.**

### **UTREDNING**

MISJONSSØNDAG 17. JANUAR, 2016

Denne dagen vil bli markert med misjonsgudsteneste i Manger kyrkje. Magnar Kartveit ved Misjonshøgskulen har preika. Vidare vil me løfta fram misjonsprosjektet vårt denne dagen.

## Radøy sokneråd

Kan me invitera til «middag og misjon» i Kyrkjestova? Korleis organiserer me i så fall det?

Der kan det vera orientering om misjonsprosjektet v/ Grethe, og om Misjonshøgskulen v/ Magnar.

### MØTEBEHANDLING

"Middag og misjon" er nytta ein del stader og det har gjeve god oppslutnad. Eit slikt tiltak krev likevel god førebuing og tida fram til 17.januar kan verta knapp for å gjennomføre dette tiltaket.

Soknerådet finn det naturleg å utfordre kyrkjelydsutvalet i Manger i saka og be dei ta det opp til drøfting. Soknepresten er med i utvalet og kallar inn til møte slik at saka kan drøftast.

### VEDTAK

Soknerådet ynskjer å utfordre kyrkjelydsutvalet i Manger i saka og be dei ta det opp til drøfting. Soknepresten er med i utvalet og kallar inn til møte.

---

### 2015/33 (S) Møteplan for soknerådet 2016

#### UTREDNING

Soknerådet må ha møter regelmessig gjennom året. For 2014 var det planlagt 9 møter og halde 8. For 2015 er det planlagt 9 møter som vert haldne etter planen. For 2015 var valår og det var derfor særskilt trøng for møter i forhold til ein del fristar. Radøy er ein eit-sokns kommune og rådet må derfor handsama saker både etter § 9 (soknerådet) og § 14 (fellesråd). Då kommunen sine representantar berre treng delta på fellesrådssakene, har ein til no starta møtene med desse.

Eit alternativ kan vera å samla fellesrådssakene på nokre få møte slik at soknerådet kan ha større fokus på soknerådssakene på dei andre møta. Handsaming av rekneskap og budsjett er slike saker som normalt vert handsama vår og haust.

I førre periode har soknerådet hatt møte på onsdagar mellom kl. 18.00 og kl. 20.00. Soknerådet har no avgjort at møtene skal haldast på tirsdagar men på same tid som før.

Det er møteplikt til soknerådet sine møter:

*"Den som er valgt som medlem av et lovbestemt kirkelig organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall. Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i lovbestemt kirkelig organ eller utvalg oppnevnt av slikt organ". jf. Kyrkjelova § 30.*

## **Radøy sokneråd**

Soknerådet er vedtaksføre når minst halvparten av medlemene er til stades på møtet. Leiaren eller minst 1/3 av medlemene kan krevja møte, jf. Reglar for soknerådet sitt virke § 4.1.

### **INNSTILLING**

Framlegg til møteplan/årsplan 1.halvår 2016:

- tirsdag 2. februar
- tirsdag 8.mars
- tirsdag 12.april Rekneskap 2015 - Arbeids- tilsetjings- og permisjonsreglement.
- tirsdag 14.juni

Møtetid kl. 18:00 - 20:00.

### **MØTEBEHANDLING**

Det kom ønske om å flytte møtet tirsdag 12.april til tirsdag 19.april og møtet tirsdag 14.juni til tirsdag 7.juni.

Soknerådet ønsker å vedta møteplan for 2.halvår 2016 på første soknerådsmøte i 2016.

### **VEDTAK**

Møteplan/årsplan1.halvår 2016:

- tirsdag 2. februar
- tirsdag 8.mars
- tirsdag 19.april Rekneskap 2015 - Arbeids- tilsetjings- og permisjonsreglement.
- tirsdag 7.juni

Møtetid kl. 18:00 - 20:00.

## 2015/34 (S) Kyrkja på Radøy og flyktningane.

### UTREDNING

#### Bakgrunn.

Denne hausten har krig og uro i Syria, Afghanistan, Eritrea, Somalia og andre land fått følgjer også på Radøy i større grad enn før. Mange flyktningar har kome og kjem til Europa, og også til Noreg har det kome langt fleire enn i tilsvarende tidsrom tidlegare. For mange har dette vore uventa, sjølv om FN og bistandsorganisasjonar over tid har varsla det.

Norsk Mottaksdrift har søkt om å driva asylmottak for mindreårige på Hordabøheimen. I skrivande stund er det ikkje avgjort om det blir mottak, men det blir truleg avgjort før soknerådsmøtet 2. desember.

Eit mogleg mottak på Hordabøheimen har skapt sterkt engasjement i bygda, særleg på Hordabø, men også elles på Radøy. Mange spør kva dei kan gjera for at me kan ta imot unge asylsøkjarar på best mogleg måte. Andre opplever det som fårefullt, særleg gjeld det plasseringa mellom skulen og barnehagen.

Generelt har det vore eit relativt raskt stemningsskifte i folket vårt. Først var det lite fokus på flyktningssituasjonen. Etter kvart som alvoret for båtflyktningar gjekk opp for oss, auka viljen til å hjelpe, og denne viljen var på «topp» når bileta av døde menneske på strender og bilete av lange rekker av flyktningar langt sør i Europa, nådde oss. Men når flyktningane nådde våre eigne lande- og kommunegrenser, minka viljen til å hjelpe og ta imot. Terror og sterkt fokus på økonomi har bidrige til at det er blitt lettare å rekna kostnader enn gevinst.

#### Kva er kyrkja sitt ansvar, og kva kan me som kyrkje gjera?

Noko av utgangspunktet for oss som kyrkje er Matt 25 der Jesus m.a. seier: «*Eg var framand, og de tok imot meg*». Det trengst mange diskusjonar om korleis dette skal gjerast, men utgangspunktet er klart.

Både offentlege og frivillige instansar er klare til å ta vel imot event asylsøkjarar på Radøy. I denne «ånda» er det viktig at me som kyrkje markerer vilje til **samarbeid**.

I brev av 09.11.15 til sokneråda i Bjørgvin skriv biskopen: «Dei fleste av flyktningane kjem frå samfunn der religion spelar ei langt større og tydelegare rolle enn hos oss. Som kristne veit vi kva det er å vere truande. Slik har vi ein særskilt kompetanse og ansvar for å møte flyktningane også som religiøse menneske. Mange er kristne. Desse kan vi gje eit kristent fellesskap som kryssar både språk- og kulturgrenser. Dei fleste flyktningane tilhøyrer andre religionar. Desse må vi møte med kristen integritet og openheit.»

Difor er det naturleg og viktig at me som kyrkje bidreg til at flyktningar får **praktisera sin religion**, anten dei er kristne eller tilhøyrer andre religionar.

Diakoni har som sitt grunnlag Jesu spørsmål til den blinde Bartimeus: «*Kva vil du at eg skal gjera for deg?*» (Mark 10,51). Dette er ikkje eit spørsmål om Bartimeus

## Radøy sokneråd

passivt vil ta imot hjelp, for det inneber også ansvar å gå frå å vera blind til å bli sjåande. **Aktiv deltaking og ansvar** må også prega vårt møte med asylsøkjarar.

Diakoni er i sitt vesen **forsoningsarbeid**. Uavhengig av korleis det går med mottak på Hordabøheimen, vil forsoning mellom menneske med ulike synspunkt i lokalmiljøet vera viktig i tida som kjem.

### Tiltak

I all vår kommunikasjon vil me bidra til å påverka opinionen med utgangspunkt i menneskesyn, erfaringar frå andre stader og kunnskap.

Dersom det kjem eit mottak i Radøy, kan me som kyrkje

- Ta kontakt med leiinga ved mottaket og melda vårt ønskje om å bidra til ei god integrering, gjerne i samarbeid med andre instansar
- I samarbeid med leiinga ved mottaket invitera dei som bur der til å snakka om kva religion dei tilhører, kva behov dei har for å praktisera religionen sin og bidra til å koma dette behovet i møte
- Invitera unge asylsøkjarar med på arrangement og deltaking i private og opne/utadretta tiltak.
- Oppmuntra folk i kyrkjelyden til å invitera unge asylsøkjarar med heim
- Skipa til kulturkveldar (tysdagstreffet?) der unge asylsøkjarar kan fortelja om heimlandet sitt

### **MØTEBEHANDLING**

Soknerådet hadde ei grundig drøfting av flyktingespørsmålet. Rådet er samd i at soknet må ha ei rolle for å møta flyktingane på ein god måte både dersom det kjem mottak, men også i forhold til dei som allereie har kome til Radøy og som skal integrerast i samfunnet.

Når det gjeld mottak er det enno ikkje avgjort kor vidt det kjem mottak eller når det kan skje. Det vil i så fall vera naturleg at vi tar kontakt med leiinga ved mottaket og melda vårt ønske om å bidra til ei god integrering, gjerne i samarbeid med andre instansar.

### **VEDTAK**

Rådet meiner at soknet må ha ei rolle for å møta flyktingane på ein god måte både dersom det kjem mottak, men også i forhold til dei som allereie har kome til Radøy og som skal integrerast i samfunnet.

Dersom det kjem mottak vil det vera naturleg at vi tar kontakt med leiinga ved mottaket og melda vårt ønske om å bidra til ei god integrering, gjerne i samarbeid med andre instansar.